



Luster Kommune



Kommunedelplan for avløp 2016 – 2025

DEL 1 Generell del

Kommunestyret 17.12.15, arkivsak 15/944
Gjeldande frå: 01.01.16

Vedtak sak 89/15
Sist endra: 01.12.15
Gjeld frå: 01.01.16 -31.12.25

| | |
|---|-----|
| INNHALD | 2 |
| SAMANDRAG | 4 |
| DEL 1 GENERELL DEL | 5 |
| 1 INNLEIING | 5 |
| 2 BAKGRUNN OG ANSVARSOMRÅDE | 6 |
| 2.1 Bakgrunn | 6 |
| 2.2 Ansvarsområde avlaup Luster kommune og andre aktører | 7 |
| 3 RAMMEVILKÅR | 9 |
| 3.1 Internasjonale avtalar, direktiv, lover, forskrifter og rundskriv | 9 |
| 3.1.1. Lover og forskrifter avløp | 9 |
| 3.1.2 EU sitt vanndirektiv | 9 |
| 3.2 Vassmiljø | 10 |
| 3.3 Klimaendringar | 10 |
| 3.4 Overvasshandtering | 11 |
| 3.5. Kommunale avløpsanlegg | 12 |
| 3.6 Gjeldande utsleppsløyve | 13 |
| 3.6.1. Kommunale utsleppsløyve | 13 |
| 3.6.2. Private utsleppsløyve | 13 |
| 4 MÅL OG PLANPROSESS | 15 |
| 4.1 Hovudmål kommunedelplan avløp | 15 |
| 4.2 Delmål | 15 |
| 4.3 Planprosessen | 136 |
| 4.4 Eksisterande tilhøve-rammevilkår, anlegg og resipient | 137 |
| 4.5 Dimensjonering avløpsanlegg-behov for utbygging | 137 |
| 4.6 Resipientar i Luster kommune | 188 |
| 4.6.1 Resipientundersøkingar | 138 |
| 4.6.2 Dalselvi | 139 |
| 4.6.3 Fortunvassdraget | 139 |
| 4.6.4 Lustrafjorden | 139 |
| 4.7 Spreidd busetnad | 20 |
| 4.8 Kommunale avløpsanlegg | 21 |
| 4.8.1 Hestehagen | 21 |
| 4.8.2 Drægni | 21 |
| 4.8.3 Skjolden | 21 |
| 4.8.4 Dale | 22 |
| 4.8.5 Høyheimsvik | 22 |
| 4.8.6 Gaupne | 23 |
| 4.8.7 Jostedal skule og samfunnshus | 23 |
| 4.8.8 Gjerde | 23 |
| 4.8.9 Breheimsenteret | 24 |
| 4.8.10 Lundshaugen, Indre Hafslo | 24 |
| 4.8.11 Solvorn | 25 |
| 4.8.12 Veitastrond skule | 25 |
| 4.8.13 Veitastrond ved kommunalt byggjefelt | 26 |
| 4.9 Private avløpsanlegg | 26 |
| 4.9.1 Turtagrø hotell | 26 |
| 4.9.2 Skogadalsbøen | 27 |
| 4.9.3 Vassbakken kro og camping | 27 |
| 4.9.4 Skjolden brygge | 27 |

| | | |
|--------------------------------|---|-----------|
| 4.9.5 | Bolstad camping | 28 |
| 4.9.6 | Luster fjordhytter | 28 |
| 4.9.7 | Nes camping | 28 |
| 4.9.8 | Viki fjordcamping | 28 |
| 4.9.9 | Nigardsbreen camping og hytter | 29 |
| 4.9.10 | Bretun | 29 |
| 4.9.11 | Toalettanlegg ved Nigardsbreen | 29 |
| 4.9.12 | Jostedal camping | 30 |
| 4.9.13 | Jostedal kraftverk, Myklemyr | 30 |
| 4.9.14 | Tørvis Fjordhotell | 30 |
| 4.11 | Slamhandsaming | 31 |
| 4.12 | Administrative og organisatoriske tilhøve | 31 |
| 5 | TILTAK OG KOSTNADER | 33 |
| 5.1 | Generelt | 32 |
| 5.2 | Reinseanlegg. | 32 |
| 5.3 | Kostnadar. | 32 |
| 6 | BAKGRUNN FOR HANDLINGSPLAN | 33 |
| 6.1 | Foreslåtte tiltak | 33 |
| 7 | REFERANSAR | 35 |
| DEL 2 HANDLINGSPLAN | | |
| 1 | Organisatoriske tiltak og driftstiltak | 1 |
| 2 | Kommunale strakstiltak | 1 |
| 3 | Investerings- og planleggingstiltak | 2 |
| 4 | Årsgebyr | 3 |
| 5 | Framskrivning | 3 |

Framsdebilete frå Ny kloakkpumpepestasjon på Lyngmo, ferdigstilt 2015.

SAMANDRAG

Luster kommune har om lag 5118 innbyggjarar. Over halvparten av husstandane i kommunen er knytta til kommunalt avløpsnett.

Transportsystemet for vatn og avløp er i hovudsak i materialteknisk god stand.

Kommunen har eit stort reinseanlegg plassert i Solvorn med kloakk frå store deler av Hafslo og Solvorn. I tillegg til mange mindre anlegg med slamavskiljar, biologiske anlegg og infiltrasjonsanlegg. Storparten av utsleppa er djupvassutslepp til Lustrafjorden.

Luster kommune ønskjer fleire abonnentar til kommunalt nett, men innser at grunna beliggenheit vil det framleis vere ein del private anlegg òg i framtida. Der det er tilgjengleg skal eigedomar med private anlegg koplast til.

Prioritert framover.

Byte ut gamle, utdaterte pumpestasjonar

Nye reinseanlegg ved behov anten grunna naudsynt fornying eller auke i tal abonnentar tilknytta

Utsifting av leidningar som fungerer som «flaskehals» i systemet

Hus over alle stasjonar

Betre registrering av alle private avlaupsanlegg

Fleire stasjonar og målepunkt tilknytta kommunen sitt overvakingsanlegg (SD-anlegg)

Naudsynt oppgradering ved etablering av nye byggjefelt

Hovudplanen skal vere eit «levande dokument» som skal nyttast i dagleg drift og for å planlegge og prioritere tiltak. I tillegg bør det vere opning for uforutsette strakstiltak ettersom avløpssektoren er i stadig endring og «uventane ting kan skje».

DEL 1 GENERELL DEL

1 INNLEIING

Kommunedelplan for avløp er kommunen sitt overordna og styrande dokument for avløpssektoren i Luster kommune. Planen er styrande for gjeldande prioriteringar i kommunen sitt arbeid med budsjett og økonomiplan.

Hovudføremål med utarbeiding av planen er:

- ✓ å kartleggje gjeldande avløpstilhøve i Luster kommune både privat og kommunalt
- ✓ å liste opp forslag til berekraftige, naudsynte og gode tiltak for oppsamling, reinsing og utslepp av avløpsvatn i heile kommuna som tilfredsstillar gjeldande krav.
- ✓ at hovudplanen er basert på innspel frå innbyggjarane i tillegg til å vere politisk og administrativt forankra
- ✓ å vere realistisk i høve økonomiplan/budsjett

Eksisterande hovudplan for avløp gjeld for perioden 2004-2015. I denne planen er svært mange tiltak gjennomført, i tillegg til oppfølging av ein del naudsynte andre tiltak i perioden. Med ny plan er det særleg viktig å leggje vekt på å ha eit nyttig og fleksibelt arbeidsverktøy både for planlegging av dagleg drift, prosjektering av nye anlegg og vedlikehald/fornyng av eksisterande anlegg i planperioden.

Kommunen la i april 2015 tidlegare rapport frå 2004-2015 ut på høyring med oppmoding om innspel frå innbyggjarane. Det kom inn to innspel. I tillegg er det informert om planen på fleire hald og gjennomført fleire møter både arbeidsgruppa og prosjektgruppa.

Arbeidsgruppa var samansett av:
Prosjektleder og avd. ingeniør eigedom
Driftsoperatørar vatn og avlaup

Prosjektgruppa var samansett av:

- plansjef
- prosjektleder og avd. ing eigedom
- leder teknisk drift
- rådgjevar eigedom
- landbrukssjef
- kommuneoverlege

Kommuneoverlege og landbrukssjef har delteke etter behov. Deltakarar i prosjektgruppa har før framlegging til politisk handsaming hatt planen på intern høyringsrunde og innkomne merknader er innarbeidd i planen.

2 BAKGRUNN OG ANSVARSOMRÅDE


2.1. Bakgrunn

Luster er ein vidstrakt kommune på 2 706 m² med kommunesenter, 2 bygdesenter og 6 bygdelag. Luster hadde i 4.kvartal 2014 5 118 innbyggjarar. Folketeljningane viser ei indre sentralisering med aukande folketal i Gaupne og Hafslo og nedgang i dei andre bygdene.

Luster kommune har rundt 72 200 meter med avlaupsleidningar fordelt i Fortun, Skjolden, Dale, Høyheimsvik, Gaupne, Jostedalen, Indre Hafslo, Hafslo, Solvorn og Veitastrond. Frå kommunesenteret Gaupne er det om lag 3 mil inn til Fortun og Jostedalen og 4,6 mil inn til Veitastrond.

Størsteparten (45 mil) av leidningane er lagt mellom 1980 og 1999. 10 mil er lagt etter 2000. Minimalt av leidningsnett er frå før 1960. Tilstanden på nettet er variabelt. Behovet for fornying er til stades. Transportsystemet består i tillegg av kummar, pumpestasjonar, fordrøyningsbasseng, og overløpssystem.

Luster kommune har 12 kommunale avløpsanlegg med utslepp både til ferskvatn og sjø. Kommunen har ved investeringar på avløpssida prioritert oppsamling og transport av avløpsvatn fram til djupvassutslepp i sjø. Dette er gjennomført på 5 anlegg; Solvorn, Gaupne, Skjolden, Høyheimsvik og Dale. I dag er det 7 kommunale anlegg med utslepp til ferskvassresipientar, 3 i Jostedalen, 1 på Indre Hafslo, 1 i Fortun og 2 på Veitastrond. Det er generelt svært lite problem med drifta av eksisterande avløpsanlegg i kommunen.



Luster kommune har i tillegg vedlikehald av 50 kloakkpumpestasjonar. Dei aller fleste av desse er ikkje knytta på driftsovervakingsystemet. Kommunen ser jamleg vedlikehald av anlegg og leidningsnett som ein svært viktig del av det førebyggjande arbeidet. Dette kan ikkje bli nedprioritert framover!



Bilete 1. Nedsetjing av ny pumpestasjon Lyngmo 2014.

2.2. Ansvarsområde avlaup Luster kommune og andre aktørar:

Staten har i dei seinare år hatt ein gjennomgang og ny fordeling av ansvar og mynde innan avløpssektoren. Frå 2007 vart meir av ansvaret for miljøforvaltninga lagt til lokalt nivå. Samstundes har Norge som ein konsekvens av felles europeisk regelverk gradvis gått frå prinsippet om "resipienttilpassa avløpspolitikk". Med få unntak er det no etablert felles europeiske reinsekra. Dette medfører at samstundes som mange kommunar har fått auka ansvar, har ein fått redusert mynde med omsyn til korleis ein skal nå lokale miljømål.

Rådmann-plan:

- Plan og bygningslova; m.a. krav til bortleiing av avløpsvatn og tilknytning til kommunalt nett
- Ureiningslova med forskrifter; handsame søknadar om utslepp frå mindre avløpsanlegg. Inntil 10 000 pe til sjø og inntil 2 000 til ferskvatn/elvemunning.

Kommunehelsetenesta:

- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseoven)

Rådmann-Eigedom:

- Lov om kommunale vatn og kloakkavgifter
- Ureiningsforskrifta Avløp del 4 og 4A.
- Forskrift om vass og avløpsgebyr i Luster kommune
- Årsgebyr for vatn og avløp vert vedteke i kvart årsbudsjett
- Ureiningslova

- I samsvar med lokale føresegner, open brenning
- Forskrift om utslepp av mindre avløpsanlegg
- Ansvarleg tilsynsmynde for utslepp av oljehaldig avløpsvatn.
- Mynde til å stille krav om påslepp til kommunalt nett.

Teknisk drift:

- Ansvar for drift og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg etter gjeldande prosedyrer

Rådmann-Landbruk:

- Lov om vern mot ureiningar og om avfall
- Alle oppgåver som ureiningsmyndigheit med unntak av offentleg påtale og § 22 og 23.

SIMAS:

Kommunalt avløpsslam vert henta og levert etter faste avtalar med Simas IKS, interkommunalt samarbeid.

Miljødirektoratet; hovudoppgåve er å redusere klimagassutslepp, forvalte norsk natur og hindre ureining. Fylkesmannen er deira ytre apparat som dei styrer og rettleiar. Dei rettleiar òg mellom anna kommunar og fylkeskommunar. Forvaltar ureiningslova.

Fylkesmannen (FM): Gjer løyve til utslepp av avløpsvatn frå større tettbebyggelse over 10 000 personekvivalentar (pe) til sjø og over 2 000 til ferskvatn/elvemunng. Mynde for utslepp av fotokjemikalie- og amalgaminnhaldig avløpsvatn. Rettleiar kommunane.

Klima- og miljødepartementet (KLD) har ansvaret for blant anna klimapolitikk, overgjødsling og oljeforurensing, helse- og miljøfarlege kjemikalie, avfall og gjenvinning, og internasjonalt miljøvernsamarbeid. KLD har hovudansvaret for å ivareta heilheita i regjeringens klima- og miljøpolitikk.

3 Rammevilkår

3.1. Internasjonale avtalar, direktiv, lover, forskrifter og rundskriv

Ansvar for kommunalt avlaupssystem i Luster er som tidlegare nemnt i hovudsak ivaretatt av eigedom, teknisk drift, landbruk og planavdelingen. Luster kommune arbeider kontinuerleg med å leggje til rette for bustadbygging og fortetting i eksisterande område. Dette kan vere ei utfordring med tanke på eksisterande avløpssystem.

3.1.1 Lover og forskrifter avløp

Kommunalt avløp vert regulert av ein rekke lover og forskrifter. Dei viktigaste er **plan- og bygningslova, ureiningslova, ureiningsforskrifta del 4, vassforskrifta og gjødselvarforskrifta**.

I tillegg gjeld:

Drikkevassforskrifta

Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter, sentralt

Lov om vassdrag og grunnvann

Lov om folkehelsearbeid

Arbeidsmiljølova

Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)

Forskrift om systematisk helse- miljø og sikkerheitsarbeid i veksemda (IK-forskrift)

Forskrift om miljøretta helsevern

Forskrift va-gebyr, Luster kommune

Felles Va-norm Luster, Høyanger, Balestrand, Leikanger og Sogndal kommune

Standard abonnementsvilkår teknisk og administrativt

Lokale utsleppsløyve

og ein rekke norske standarder som beskriv ulike tekniske løysingar og metodar meir i detalj.

3.1.2 EU sitt vanndirektiv

Den norske vassforskrifta er gjeldande i norsk rett. Men sidan Norge, gjennom EØS-avtalen, har forplikta seg til å følgje EU sitt vanndirektiv vil EFTAs overvåkingsorgan følgje med på kva Norge gjer. Eu sitt rammedirektiv for vatn har hovudmål å sørge for av medlemsstatane tryggjer, og om naudsynt, betrar miljøstatus i alt ferskvatn, brakkvatn, kystnært vatn og grunnvatn. Rammedirektivet vart gjort gjeldande frå år 2000 og vart del av EØS-avtalen. Dette rammedirektivet er overordna t.d. avløpsdirektivet

Dersom kommunane ikkje følgjer dei internasjonale krava kan den norske stat bli kritisert og dersom nokon bryt direktivet kan det til og med bli tal om rettssak.

Det er starta opp arbeid med utarbeiding av forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassområda i Sogn vassregion og desse skal vere ferdig utarbeidde og vedteke innan utgangen av 2015.

Kommunane sine oppgåver/ansvar knytta til utarbeiding av forvaltningsplan med tiltaksprogram vil i utgangspunktet vere:

- ✚ Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak for sitt ansvarsfelt/levere materiale til tiltaksanalysen.
- ✚ Utgreie premissane for fastsetting av miljømål.
- ✚ Delta i vassregionutvalet.
- ✚ Delta i vassområdeutvala.
- ✚ Gjennomføre og finansiere tiltak for sitt ansvarsfelt (avløp, drikkevatt, landbruk, kommunen sitt ansvarsområde om ureiningsforskrifta m.m.).
- ✚ Rapportere til vassregionmyndigheita
- ✚ Saman ha leiarrolla i vassområdeutvala.

Meir informasjon om vassressursdirektivet på www.vannportalen.no .

3.2 Vassmiljø

Dei ulike hovudtypane ureiningar opp mot utslepp av avløpsvatn er:

Næringssalt og organisk materiale. Auka tilførsel gjer auka produksjon av alger og plantep plankton (overgjødsling). Vert denne for stor kan dette føre til at oksygenet i vatnet vert oppbrukt når algene og/eller organisk materiale vert brote ned. Tradisjonelt er det denne typen ureining som har vore i fokus i samband med reinsing av kommunalt avløpsvatn (Nordsjøavtalen og EU-direktiv).

Mikrobiologisk ureining, er vatnet sitt innhald av organismar, til dømes bakteriar, virus og parasittar som kan innebere smitterisiko. Denne typen ureining er særleg aktuell med omsyn til badevasskvalitet samt kvalitet på mat frå sjøen.

Miljøgifter. Til dømes frå ulike industriutslepp, samt påslepp av ulike kjemikalier, sprøytemiddel, medisinar frå abonnentar til avløpssystemet. Det meste av det kommunale avløpsvatnet vert slept ut i sjøresipient (Sognefjorden). Resipienten vert karakterisert som god.

Ulemper ved utslepp av avløpsvatn i Luster kommune vil i hovudsak vere knytt til ureining i resipient som følgje av ikkje tilfredsstillande reinsing av kommunalt avløpsvatn og/eller grunna overløp frå avløpskummar/pumpestasjonar.

Ein vil i tillegg kunne ha utfordringar knytt til ureining frå små, separate (private) avløpsanlegg. Undersøkingar av separate avløpsanlegg i ein del andre kommunar i landet syner generelt dårleg tilstand på slike anlegg derfor kan ein anta dårleg reinseeffekt og vesentlege utslepp/ureining frå slike private anlegg her og.

3.3 Klimaendringar

Med auke i drivhuseffekten er det venta at det i mange 10-år framover vil vere auka og meir intens nedbør over landet. Klimaprognosar tilseier ei auke i nedbørvolum her på Vestlandet med inntil 20-30% på årsbasis. Ekstremhendingane vil kunne auke med 40-60% i intensitet, det vil seie kraftig auke i intensitet for dei dimensjonerande nedbørhendingane. Historiske data frå nedbørsmålingar viser at ein dei siste 10 åra har

hatt ei markert auke i nedbørsvolum, og at ekstremhendingane kjem stadig oftare. Utviklinga er såleis allereie ein realitet ein må ta omsyn til mellom anna ved planlegging av vass- og avløpsanlegg.

Klimaendringane vil mellom anna kunne medføre auke i overløpsdrift/ureining av resipientar, auka flomfare, auka belastning på avløpssystemet og redusert kapasitet på leidningsanlegg og utsleppsanlegg som kan bli påverka av flom og/eller høgare vassnivå i vassdrag og grunnvatn. Klimaendringar vil og kunne medføre vesentleg auke i havnivå, noko som vil kunne påverke drift og gjennomføringsevne for avløpsanlegga.

For å redusere og motverke negative effektar av klimaendringar, må ein ta omsyn til desse ved planlegging av nye VA-anlegg og ved tiltak på eksisterande anlegg. Det må nyttast heilskaplege løysingar der særleg arealplanlegginga er ein viktig faktor for å få gode resultat.

3.4 Overvasshandtering

Tradisjonell handtering av overvatn (dvs. regn og smeltevatn) har vore basert på å lede vatnet raskast mogeleg bort i lukka rørsystem. Det har mellom anna medført :

- ✚ Auka avrenning i mengde og intensitet
- ✚ Auka erosjonsfare
- ✚ Dårlegare vasskvalitet
- ✚ Overløpsutslepp/auka ureining
- ✚ Redusert landskapsmessig og estetisk kvalitet, og forringing av økologisk miljø
- ✚ Seinka grunnvasstand

Luster kommune ser det som svært viktig å setje fokus på overvatn. Overvatn er ein ressurs som kan utnyttast som eit positivt element i samanheng med utarbeiding av kommunedelplanar, regulerings-planar, byggjeplanar m.v. Planlegging av overvasshandtering krev tverrfagleg samarbeid. Samordning med arealplanlegginga er naudsynt. Prinsipp og løysingar for overvasshandtering bør vurderast i arealplanar, gjerne med utarbeiding av eigne prinsippplanar, flom-/drensplanar og liknande. Norsk Vann BA sin rettleiar for overvasshandtering (rapport 162/2008) skal nyttast som utgangspunkt for planlegging av overvasshandtering.

Løysingar for lokal handtering av overvatn skal alltid vurderast, og opne løysingar skal vere hovudprinsipp framfor lukka system. Eksisterande flomvegar skal oppretthaldast og i arealplanar må det takast omsyn til flomvegar og at flomutsette areal ikkje vert bebyggt. Klimaendringar, fortetting av bebygde område og utbygging av nye område med auka areal med tette flatar, vil kunne medføre auka avrenning og auka tilførsle av framandvatn til avløpssystemet.

Kommunen ønskjer å arbeide vidare med overvasshandtering og vil vedta ein eige norm for overvasshandtering i Luster kommune. Ansvarleg Rådmann-Plan.

3.5. Kommunale avløpsanlegg

| Kommunale anlegg | PE | Tal personar til saman hushaldning | Tal abonnentar avløp | Totalt abonnentar renovasjon | Tilknytingsgrad i % | Resipient |
|---|-------------|------------------------------------|----------------------|------------------------------|---------------------|-----------|
| Fortun | 21 | 32 | 10 | 66 | 15 | elv |
| Skjolden | 144 | 218 | 68 | 156 | 44 | sjø |
| Dale | 182 | 275 | 86 | 190 | 45 | sjø |
| Høyheimsvik | 53 | 80 | 25 | 102 | 25 | sjø |
| Gaupne | 970 | 1469 | 459 | 522 | 88 | sjø |
| Jostedal/Gjerde/Bresenteret | 49 | 74 | 23 | 171 | 14 | elv |
| Indre Hafslo | 51 | 77 | 24 | 201 | 12 | elv |
| Hafslo * | 800 | 1213 | 379 | 506 | 75 | sjø |
| Solvorn* | 146 | 221 | 69 | 83 | 83 | sjø |
| Veitastrond skule og Veitastrond byggjefelt | 13 | 19 | 6 | 45 | 13 | elv |
| Sum | 2429 | 3678 | 1167 | 2042 | 57 | |

Tabell 1 Oversikt over tilknytte abonnentar pr. 01.01.15

*Avløpsanlegget for Hafslo og Solvorn er felles og reinseanlegget og utløpsleidningen ligg ut i Sognefjorden frå Solvorn.

Nemninga PE er her definert i samsvar med det som er vanleg i EU. Ein personekvivalent vert definert som den vass- og forureiningsmengde ein gjennomsnittsperson belastar avløpssystemet med.

Tilknytingsgrad er definert som prosentvis del av husstandane tilknytta avløpsanlegga. For utsleppet i Hafslo/Solvorn og Gaupne er tilknytingsgraden relativt høg. For dei andre anlegga ligg graden av tilknytning på 12-45%. Sørsida av Lustrafjorden har ikkje kommunale avløpsanlegg. I kommunen under eitt er tilknytingsgrada pr. aug 2015 på 57 %.

Luster kommune ønskjer fleire abonnentar til kommunalt nett, der det legg til rette for det. Det vil bli arbeidd aktiv for å få fleire med. Der det er mogleg skal eigedomar med private anlegg koplast til.

Men ein må òg innsjå at på grunn av stor kommune med mykje spreidd busetnad vil det framleis vere ein del private anlegg òg i framtida.

3.6. Gjeldande utsleppsløyve

3.6.1. Kommunale utsleppsløyve

Tabellen nedanfor viser gjeldande kommunale utsleppsløyve og kva krav/vilkår som er knytt til kvart løyve.

Tabell 1 Oversikt over gjeldande kommunale utsleppsløyve

| Stad | Løyve | Krav/vilkår |
|-----------------------|------------------|--|
| Skjolden | 12.12.00 | Oppfylld av reinsekav i 2005 Slamavskiljar |
| Dale | 12.12.00 | Oppfylld av reinsekav i 2008 Slamavskiljar |
| Høyheimsvik | 15.09.98 | Gjeld kun planlagd utbygging, ikkje ei evt. utviding innan reinsedistriktet. |
| Gaupne | 12.12.00 | Oppfylld av reinsekav i 2008 Slamavskiljar |
| Gjerde | 12.12.00 | Oppfylld av reinsekav i 2005 Slamavskiljar |
| Breheimsenteret | 03.05.93 | |
| Jostedal Samfunnshus | 14.10.83 | |
| Lundshaugen | 05.10.98 | |
| Hafslo/Solvorn | 04.08.94 | |
| Veitastrom skule | Tidspunkt ukjent | |
| Veitastrom bustadfelt | Tidspunkt ukjent | |

3.6.2. Private utsleppsløyve

Tabellen nedanfor viser gjeldande private utsleppsløyve og kva krav/vilkår som er knytt til kvart løyve. Denne er henta frå tilegare hovudplan og berre delvis oppdatert.

Tabell 2 Oversikt over private utsleppsløyve

| Stad | Kontakt | Løyve | Krav/vilkår, merknader |
|------------------------------|------------------------------|----------------|--|
| Skogadalsbøen Turisthytte | Den norske turistforening | 30.06.72 | |
| Turtagrø Hotel | | Aug/sept. 2003 | |
| Vassbakken Kro og Camping | | 24.02.92 | |
| Bolstad Camping | Magne Hålien | 09.05.73 | |
| Luster Fjordhytter | Stein Næss | | 2 utslepp, 12 hytter + fjordkro + leilegheit + utleige + bustad, slamavskiljar |
| Viki Fjordcamping | Svein Arne Næss | 07.02.95 | 2 utslepp |
| Nes Camping | Harald og Karin Leirdal | 26.09.03 | |

| | | | |
|---------------------------------------|---------------------------|------------------|--|
| Nigardsbreen camping og hytter | | 13.10.81 | |
| Bretun, Krundalen | Jostedalen Breførarlag | 16.05.74 | Tidlegare Leirskule. No kursstad for breførarlaget + utleige til andre. |
| Gjerde camping og hytteutleige | Margit Gjerde | 04.02.74 | |
| Jostedal kraftverk, Myklemyr | Statkraft | 15.01.91 | |
| Tørvis Fjordhotell | Hotell | 19.05.09 | Slamavskiljar |
| | Anneks og Cafe | 05.03.09 | Slamavskiljar |
| Tang hyttegrend | Kjersti Eikum Tang | Tidspunkt ukjent | |
| | | | |

Ved etablering av nye utslepp eller vesentleg auke av eksisterande utslepp av kommunalt avløpsvatn må kommunen utarbeide søknad om nytt utsleppsløyve basert på gjeldande forskrift/krav. Dette må ein til dømes gjere ved eventuell samanslåing av reinseanlegg og bygging av nytt avløpsreinseanlegg. Kommunen vil sjølv ha ureiningsmynde i slike saker.

Av private anlegg er ikkje alle med. Det er dei mest kjende med størst utslepp.

4. MÅL OG PLANPROSESS

Planen har som hovudføremål å gje gode løysingar for innsamling, reinsing og utslepp av avlaupsvatn i heile Luster kommune.

Planen gjeld i hovudsak kommunale anlegg. Andre kjente, større private anlegg er nemnt. Planen består av 2 deler, ein generell del og ein handlingsplan.

4.1. Hovudmål kommunedelplan avløp

- Få oversikt over nosituasjonen i heile kommunen og setje opp kva tiltak som må prioriterast i neste periode. Passe på at alle innbyggjarar og næringsliv får eit tilbod av høg kvalitet til eit fornuftig prisnivå som vil leggje grunnlaget for oppsett av budsjett og langtidsbudsjett
- Alle avløpsanlegg i Luster kommune skal vere driftssikre og det skal ikkje vere fåre for oversvømming, lokal ureining av drikkevatt eller andre miljøulempe. I tillegg gje funksjonell og sikker drift som ivaretek helse, miljø og tryggleik for driftspersonell
- Kommunalt avløpssystem skal vere rusta til å møte utfordringane knytt til auka årsnedbør og auka frekvens og intensitet av ekstremnedbør.
- Tilknytingsgrad skal der det ligg til rette for det aukast. Det vil framleis vere noko busetnad og hytte som ikkje kan knytast til offentleg avløpsanlegg grunna plassering i kommunen. Dei vil halde fram med eigne utslepp.
- Dei store verdiane som ligg i reine sjø- og ferskvassressursar skal takast vare på. Utslepp av avløpsvatn skal ikkje komme i konflikt med andre brukarinteresser eller føre til uakseptabel ureining.
- Resipientane i Luster kommune skal tilfredsstillе miljømåla som vert fastsett i regional plan for vassforvaltning (planlagd vedteken i 2015).

4.2. Delmål

- Luster kommune skal overvake utviklinga i vasskvaliteten for fjord og vassdrag, m.a. gjennom prøvetaking.
- Drift og vedlikehald av avløpsanlegg og kommunalt avløpsnett skal ha høg prioritet.
- Alle offentlege badeplassar skal vere hygienisk tilfredsstillande og ikkje forsøplast av kommunalt eller privat avløpsvatn. Vasskvaliteten ved offentlege badeplassar i Luster skal tilfredsstillе gjeldande krav.
- Uhygieniske og/eller uestetiske private eller kommunale utslepp i spreidd busetnad skal sanerast.
- Minstekrav for utsleppløyve for private utslepp er reinsing i trekamra slamutskiljar.

- I fjellområda gjeld følgjande:
 - Det skal generelt ikkje gjevast utsleppsløyve for gråvatn.
 - Kjemikalietoalett skal ikkje nyttast.
 - Ein skal sikre at fekaliar etc. (toalettinnhald) får ei tilnærma biologisk omsetning.
 - Deponi (toalettinnhald) skal etablerast med ein minimumsavstand på 50 meter frå elv/bekk eller drikkevasskjelde.
 - Private utslepp må halda dei krav som til ei kvar tid gjeld.
- Utsleppa frå landbruket til utsette resipientar skal om naudsynt reduserast slik at det vert samsvar med gjeldande regelverk.
 - Kommunen følgjer opp dette m.a. ved å setje krav til informasjon ved søknad om produksjonstilskot (SMIL-midlar), Det vert sett krav til Miljøplan. Dette er mellom anna gjødslingsplan og sprøyteplan i tillegg til andre element som kan ha innverknad på ureiningsproblematikken.
- Automatisk driftsovervaking med alarm skal innførast på alle nye stasjonar og elles på eksisterande stasjonar utan driftsovervaking i dag etter eigen prioriteringsliste.
- Spillvatnet frå område med kommunale avløpsleidningar skal førast fram til reinseanlegg.
- Driftspersonell skal få naudsynt kompetanse for å gjennomføra det arbeidet dei er sett til.
- Tilhøva for personell i administrasjonen skal leggjast til rette slik at ein kan møta dei framtidige utfordringane innan avlaufsfeltet på ein best mogeleg måte.

4.3. Planprosess

Planen er ein kommunal plan vedteken av Kommunestyret. Kommunestyret har det politiske ansvaret og løyver midlar til oppfølging av planen gjennom budsjettet. Hovudplanen, del 1, skal reviderast i kvar valperiode, dvs. kvart 4. år. Handlingsprogrammet, del 2, kan rullerast årleg.

Dei deler av planen som gjeld drift og utarbeiding av nye planar er styrt av økonomiplanen. Luster kommune ved eigedom har hovudansvar for revisjon/rullering av planen.

Kommunedelplanen må vere ein kontinuerleg prosess, eit arbeidsverktøy, med utarbeiding av handlingsprogram, budsjett og årsmelding som ein naturleg del. Slik målstyring og resultatvurdering krev mellom anna:

- At politikarane er med på å fastsetje overordna mål og rammevilkår
- Delegering av ansvar - korleis målsettingane skal oppnåast
- Resultatvurdering gjennom årsrapportering

- Kommunedelplanen skal vere eit bindeledd mellom kommuneplan og underliggjande tekniske planar
- Det er svært viktig at arbeidet med kommunedelplanane vert knytt nært opp til arbeidet med *økonomiplan-* og *budsjettarbeidet* i kommunen. Samsvar mellom desse er heilt avgjerande for å få til realistiske kommunedelplanar som let seg gjennomføre praksis.

4.4. Eksisterande tilhøve – rammevilkår, anlegg og resipient

Planen viser oversikt over alle kommunale og kjende private avløpsanlegg og utslepp samt gjeldande utsleppsløyve for desse anlegga.

Luster kommune har ved investeringar på avløpssida prioritert oppsamling og transport av avløpsvatn fram til utslepp i sjø på djupt vatn. Det er generelt svært lite problem med drifta av eksisterande avløpsanlegg i kommunen. I dag er det 7 kommunale anlegg med utslepp til ferskvassresipientar, 3 i Jostedalen, 1 på Indre Hafslo, 1 i Hestehagen Fortun og 2 på Veitastrond. Det er i tillegg eit nytt under planlegging i Fortun.

Av kommunale utslepp utgjer utslepp til sjø heile 95% eller ca. 2750 innbyggjarar. Kommunale utslepp til ferskvatn utgjer altså ein svært liten del. Tek ein omsyn til både private og kommunale utslepp sett under eitt for hushaldningane i kommunen, ser ein at utslepp til sjø fordeler seg slik:

- Sjø: 54% (ca. 2660 innbyggjarar)
- Jord: 21% til jord
- Ferskvatn: 3%
- Ukjent resipient: 22%

Utslepp til ukjent resipient er private utslepp som ein ikkje har oversikt over. Det er lagt opp til i handlingsplanen at kommunen skal skaffe seg ein betre oversikt over private avløpsanlegg.

Luster kommune har utarbeidd miljømål i samband med regional plan for vassforvaltning, som etter planen skal vedtakast i desember 2015. Måla er på vann-nett.no. I tiltaksprogrammet som fylgjer planen er det sett opp tiltak for dei vassførekomstane som ikkje tilfredsstillar krava. Kommunen sin del av ansvaret knyter seg i hovudsak til avløp og drikkevatn, landbruk og kommunen sitt ansvarsområde innan ureiningslova. Planen og tiltaksprogrammet vert gjeldande frå 2016 og skal gå over tre 6-årsperiodar.

I kommunen under eitt er tilknytingsgraden pr. 1. januar 2015 på 57 %. Tal innbyggjarar i Luster kommune 4.kvartal 2014 var 5 118.

4.5. Dimensjonering avløpsanlegg – behov for utbygging

Ein viktig del av hovudplanen er å klarleggje behovet for utbygging av avløpsanlegg og leidningsnett dag og i framtida. Avløpshandsaminga må byggjast ut for å kunne ta vare på behovet i dag og i framtida til alminnelege hushaldningar og næringsverksemd innanfor det enkelte reinsedistrikt.

Det er i Luster kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen 2013-2024 sett ein positiv utvikling med god vekst i folketallet for kommunesenteret Gaupne og bygdesenteret Hafslo.

Medan mindre bygdesentra som Jostedalen og Veitastrond taper innbyggjarar. For reinsedistrikta Gaupne og Hafslo er det teke høgde for framtidig folkeauke. Sysselsetjinga er stabil – men det er ein jamn nedgang i landbruket, noko som påverkar folketalsutviklinga.

I næringslivet er det ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene og innan vasskraft i åra framover. Det har vore stor investering og utvikling i reiselivet dei siste åra. Andre viktige næringsområde for Luster er; bygg og anlegg og privat tenesteyting, medan situasjonen for utviklinga i landbruket er som tidlegare nemnt usikker.

4.6. Resipientar i Luster kommune

4.6.1. Resipientundersøkingar

Det er ikkje gjennomført systematiske resipientundersøkingar i Luster kommune siste åra. Det er tidlegare utført resipientundersøkingar av Lustrafjorden og Hafslovatnet. Vurdering av resipienttilhøva byggjer i hovudsak på følgjande undersøkingar:

- Undersøkingar v/ kommunen/fylkesmannen i samband med fiske, m.a. pH-målingar
- Prøvetakingsprogram Hafslovatnet i samband med val av Hafslovatnet som ny drikkevasskjelde for Hafslo, Indre Hafslo og Solvorn, 2000.
- Undersøkingar av Jostedøla med sidevassdrag i samband med kraftutbygging.
- Undersøkingar av Fortunsdøla med sidevassdrag i samband med kraftutbygging.
- Drikkevassundersøkingar analysert av Sogn lab.
- Måling av vasskvalitet på 33 utvalde lokalitetar i 12 vassdrag i Indre Sogn vassområde 2013.
- Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion, høyringsutkast.
- Miljøplan-kommunedelplan for energi, klima og ureining 2010-2013, Luster kommune, 2009

Av kommunale utslepp utgjer utslepp til sjø heile 95% eller ca. 2750 innbyggjarar. Kommunale utslepp til ferskvatn utgjer altså ein svært liten del.

